

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følge prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2015/16:

BKS: 527

VO: 582

Kyrre: 106

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Tal på fullført og bestått  
Tal på stryk og IV  
Gjennomsnittleg fråvær  
Tal på sluttarar

### 1.1 Tal på elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15 - BKS	471
2015/16 - BKS	462
2014/15 - VO	VO-elevar tar enkeltfag
2015/16 - VO	
2014/15 - Kyrre	16
2015/16 - Kyrre	15

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

	Tal på stryk	Tal på IV
Termin 1- BKS 2014/15	21	48
2015/16	33	60
Termin 1 – VO 2014/15		
2015/16		
Termin 1 – Kyrre 2014/15	2	91
2015/16	1	85
Standpunkt BKS 2014/15	15	22
2015/16	6	13
Standpunkt VO 2014/15	11	162
2015/16	18	70
Standpunkt Kyrre 2014/15	0	36
2015/16	0	17
Eksamen - BKS 2014/15	15	
2015/16	8	
Eksamen – VO 2014/15	33	

2015/16	32	
Eksamen – Kyrre 2014/15	0	-
2015/16	2	-

### 1.3 Gjennomsnittleg frávær (PULS)

BKS	2014/15	timar dagar	Lite frávær
BKS	2015/16	timar dagar	Lite frávær
VO	2014/15	timar dagar	Vert ikkje ført frávær på vaksne elevar
VO	2015/16	timar	
Kyrre	2014/15	timar dagar	Finn ikkje tala
Kyrre	2015/16	timar dagar	

### 1.4 Tal på sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

BKS	2014/15	Tal frå Extens 3
BKS	2015/16	Tal frå Extens 6
VO	2014/15	Tal frå Extens 144
VO	2015/16	Tal frå Extens 123
Kyrre	2014/15	Tal frå Extens: 26
Kyrre	2015/16	Tal frå Extens: 26

### 1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?**

**BKS:** Vi ser ein reduksjon i talet på stryk og IV i standpunkt og eksamen. Det vert jobba systematisk med å rettleie elevane til å gjere rette fagval, samt gjere omval når det er nødvendig. Nokre elevar treng eitt ekstra år for å komme i mål med vitnemål. Dette kan vere minoritetsspråklege elevar i det såkalla e-klasse løpet eller andre elevar som er melde inn til ressursteamet. Dette ekstraåret gjer at fleire elevar fullfører og består. Nokre få elevar har av helsemessige årsaker ein del frávær, men elles er frávær nesten ikkje-eksisterande.

**Kyrre:** Ganske like tal dei to siste åra. Elevgruppa er ustabil og har vanlegvis ganske høgt frávær, av dette følgjer høgt tal på IV. Det er verd å merke seg at talet er vesentleg større ved T1 enn til standpunkt. Grunnen er nok to-delt, nokre sluttar på skolen, mens andre jobbar for å få nok vurderingsgrunnlag. Sidan kvar elev har sin plan og ikkje går i klassar, er det ei utfordring å skape gode relasjonar mellom elevane. Det er og ei utfordring at mange elevar har vore mobba på skolen tidlegare eller har psykiske vanskar som gjer kontakt med andre meir sårbart.

**VO:** Vi har klart å redusere talet på IV og sluttarar. Dette trur vi kan ha fleire årsaker. Vi har nå hatt

eit fullt år med to rådgjevarar i 100% stilling. Dette reduserer fråvær og sluttarar fordi vi kan tilby betre oppfølging. Vi har også lagt mykje vekt på å utarbeide felles forståing av fråværsføring og når varsel skal sendast. Administrasjonen på VO har også lagt mykje vekt på informasjon om fråvær og karakter ut mot elevar.

***Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

**BKS:** Vi har høgt fagleg motiverte primærsekarar til skolen og dette gjer at få sluttar hos oss. Skulen har lærarar som kjenner metodane i Ny Giv. Sidan det i vesentleg grad er dei minoritetspråklege elevane som har desse problema, er skolen sitt differensierte tilbod til denne elevgruppa vesentleg. Dette handlar om skolen sin struktur, og det får konsekvensar for skolen sitt utviklingsarbeid gjennom kontinuerleg vurdering av innhald og form i desse tilboda. Vg1-elevane gjennomgår i tillegg eit VIP-program, som er retta mot psykisk helse blant ungdom.

**Kyrre:** Individuelle samtalar med kvar søkar før sommaren. Startsamtarar med alle elevar i august. Tett oppfølging opp mot behandlarapparat.

**VO:** Ikkje mogleg å overføre dette til VO.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

**BKS:** Dette er ei lita utfordring, då såpass få sluttar hos oss. Vi har uansett elevar med fråvær grunna helsemessige årsaker og elevar som tar løpet over 4 år.

**Kyrre:** Mange ungdommar er for sjuke til å fullføre eller er skuleleie. Vi må vere i god dialog med denne gruppa og vere enda tettare på når vi ser at dei begynner å få fråvær. Vi treng eit system/rutine som gjer det lettare å handle for alle på avdelinga og som kvalitetssikrar det vi gjer, og tydeleggjer det vi ikkje følgjer godt nok opp.

**VO:** Vi har framleis store utfordringar når det gjeld talet på sluttarar. Elevane sine vaksne liv med barn og arbeid kjem ofte i konflikt med det å følge opp eit vanleg undervisningsopplegg. Vi ønsker å sjå på moglegheita for tilrettelegging i form av modulbasert undervisningsopplegg, og også om det kan vera mogleg med sluttvurdering basert meir på prøve ved årsslutt. Dette kan komme i konflikt med regelverk for føring av standpunktarakterar, og vi ønsker ein gjennomgang av dette saman med Opplæringsavdelinga. Vi ser også behovet for tettare oppfølging i form av klassekontaktlærarar. Dette har vi tidlegare tatt opp i VBV-møter, og vil frå 2016/17 sette av ressurs til kontaktlærarar.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

**BKS:** Psykisk helse blant unge er eit aktuelt tema hos oss. Heile personalet gjennomgår VIP-skolering ved skolestart. Vi har også kontaktlærarmøte der klasse- og læringsmiljø er tema. Vi prøver å «tone» ned talet på vurderingar det første halvåret i Vg1-klassene. Dette gjeld fag som ikkje er avsluttande.

**Kyrre**

1. Lage tydelege rutinar for oppfølging av fråvær.
2. Jobbe med elevane si sosiale tilhøyrsløse i skulestart-veka, elevkveldar og små samarbeidsøvingar i timane. Vi vurderer også å teste ut fadderordning i liten skala.

**VO**

1. Vi startar neste skuleår med kontaktlærerordning, noko vi håpar vil gjere det enklare å systematisere og følge opp fråvær.
2. Vi ønsker også å jobbe med klassen som sosialt rammeverk for eleven, og skal i skulestartveka i gong med eige oppstartsprogram for VO-elevar.

**2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16****2.1 Vurdering for læring****Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

**2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:*****Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Elevundersøkinga viser at vi har nokre elevar som seier dei har lærarar som forklarar dei måla i dei ulike faga, men det finst ei gruppe elevar som ikkje meiner dette. Her er det liten framgang i resultatata frå førre skuleår. Elevane opplever også at dei berre nokre fag får tilbakemeldingar som dei kan bruke for å bli betre i faga. Når det gjeld eigenvurdering skårar vi nærare raudt enn gult. Nokre av elevene i utvalet seier at dei får vere med å vurdere skulearbeidet, men det finst ei gruppe elevar som ikkje meiner dette. Resultata viser at vi framleis har ein veg å gå, noko som også vart teke opp i siste skulebesøk. Skulen har hatt som mål å auke kompetansen sin på vurdering for læring, dvs. på god underveis-vurdering.

Det er ikkje blitt arbeidd systematisk nok med å innarbeide ein vurderingspraksis med kriteriebaserte tilbakemeldingar eller det å bevisstgjere elevane i omgrepa «undervegs-vurdering» og «framovermelding». Ulike former for eigenvurdering er i liten grad diskutert og tatt i bruk.

Vurderingsseminar er blitt halde i nokre fag, mens andre fag i liten grad har arbeidd med felles vurderingspraksis.

**2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»*****Utfordringar:***

Utfordringane innanfor vurdering og eigenvurdering gjer at ein i større grad må arbeide i faggrupper og involvere elevane i arbeidet. Leiinga må legge til rette for fagsamarbeid og

kvalitetssikre at det vert jobba med vurdering. Det har til no vore opp til læraren å bestemme korleis ein skal gjennomføre eigenvurderinga, men nå diskuterer vi om vi fagvis kan bli samde om ein felles måte å gjere det på, så forventningane blir klarare både til elevane og lærarane.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

**Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Eit stort framsteg dette året har vore at VO-senteret har fått installert digitale tavler og har gjennomført opplæring med brukarane. Prosjekta «Omvendt undervisning», «Geogebra» og «Bruk av dataloggarar i realfag» går no inn i skulen si daglege drift.

Ei gruppe på 11 lærarar har starta læringsprosjektet "IKT i vurderingsarbeidet" og vi har fått midlar frå HFK til å kjøpe inn Surface Pro -maskinar . Dette gjeld vurderingsarbeid i matematikk (4 lærarar), norsk (3 lærarar) og språk (4 lærarar).

I leiargruppa har vi starta prosjektet "Bruk av iPad i leiargruppa" og vi jobbar no med samskrivingsdokument i googledoc samt bruk av Outlook.

OD-dagen i oktober blir tradisjonelt brukt til workshops i IKT. I år hadde vi Workshop i:

- Kahoot - korleis lage quiz på ein morosam måte.
- Bruk av digitale testar
- Bruk av digital målestasjon i Lille Lungegårdsvann i realfaga
- Bruk av digitale hjelpemiddel i realfag
- Samskriving
- Bruk av nettbrett ved retting av elevsvar
- Avansert bruk av geogebra i matematikk

*VO: Vi bruker IKT i læringsarbeidet i stor grad og har nye lokale som også legg til rette for dette betre enn tidlegare år.*

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

#### Utfordringar:

Utstyr i klasseromma på "moder"-skulen begynner å bli utdatert, og vi treng ei oppgradering for å kunne følge med i utviklinga. Spesielt gjeld dette elektroniske tavler og utprøving av digitale verktøy som nettbrett og mobiltelefonar. Bergen Katedralskole må få same standard på IKT-utstyr

som det andre vidaregåande skuler har. Digital studieteknikk for elevane er eit område der vi ønskjer å ha større fokus.

**VO:** Vi har til dels store utfordringar i å få elevane til å nytte seg av skolens læringsplattform. Vi har også store utfordringar når det gjeld elevane sine grunnleggjande datakunnskapar. Dette gjeld særleg for minoritetslevar.

## 2.3 Klasseleiing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

**Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Som tidlegare viser Elevundersøkinga gode resultat på områda arbeidsro, trivsel og fagleg rettleiing/støtte frå lærarane.

Også dette skuleåret har dei tre utviklingsmåla og tiltaka «Systematisk arbeid med elevane si faglege og sosiale utvikling», «God undervisningsstruktur» og «God elevmedverknad» stått i fokus.

Gjennomførte tiltak for å gjere måla meir «driftsklare» for å sikre felles praksis og haldningar vert vidareutvikla. Blant anna får alle lærarar informasjon om VIP (opplegg om psykisk helse). Bruk av årshjul for kontaktlæreroppgåver vert evaluert og revidert. Vi har felles infomøte for kontaktlærarar ved skulestart og i løpet av skuleåret og vidare implementering av fadderordning for nye elevar i Vg2 og Vg3. Arbeidet med å fastsette ein felles struktur for kva som skal ligge inne på fagrom på It's Learning (minimum årsplan eller periodeplan for undervisning) vert også vidareført.

Vaksenopplæringa set i verk ei ordning med «undervisningsgruppekontakt» for alle undervisningsgrupper for å ivareta sosialpedagogisk oppfølging av vaksne elevar.

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

#### **Utfordringar:**

Midt i skuleåret vart delar skulen sin aktivitet flytta til Tanks samtidig som aktivitetane til vaksenopplæringa vart flytta frå Tanks til tidlegare BGHG. Auka avstand har gjort det vanskelegare å gjennomføre klasselærarråd og sikre god flyt i samarbeidet om elevar, og ein ser no på om det kan vere andre måtar å organisere skuledagen på som kan hjelpe å løyse dette. Det vert arbeid med å finne gode måtar å jobbe med klasseleiing «generelt» på tvers av det pedagogiske personalet (lærarar som jobbar på avdeling Kyrre, IB, vaksenopplæring, studiespesialisering og innføringsklasse), og spesifikt knytt opp mot dei ulike elevgruppene.

## 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt

**Med****3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket****Skulevandring (undervisningsbesøk):**

Skuleåret 2014-2015 innførte skolen «skulevandring» på «moderskolen» (studiespesialisierende utdanningsprogram, IB, innføringsklassen) og vaksenopplæringa. Skuleåret 2015-2016 vart dette også implementert på avdeling Kyrre. Rektor, assisterande rektor og avdelingsleiarane har besøkt lærarane i undervisninga. I etterkant av besøket har leiar og lærar samtalt om det gjennomførte besøket.

Undervisningsbesøka har hatt fokus på klasseleiing, spesielt i forhold til struktur (plan/læringsmål for timen/økta) og relasjon lærar-elev.

**3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?**

God pedagogisk leiing inneber at skuleleiinga er kjent med alle sider av skulekvardagen, for eksempel ved å observere det som går føre seg i klasseromma. Fokus på godt læringsutbytte har vore eit utgangspunkt for å sette i verk dette tiltaket. Ettersom forskning viser at undervisningsstruktur og relasjonen mellom lærar og elev har stor betydning for elevane sitt læringsresultat, var det viktig å ha fokus på det i undervisningsbesøka. Dei gode erfaringane med utprøving av undervisningsbesøk/skulevandring førre skuleår indikerte at det var eit tiltak som var verdt å implementere fullt ut.

Men undervisningsbesøka og dei påfølgjande samtalane gir ikkje berre innblikk i det gode som skjer i klasseromma (og det som bør betrast), men inneber også at skolen si leiing blir betre kjent med lærarane ein har personalansvar for. Det bidrar til samarbeid og utvikling av felles forståing.

**3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

Erfaringar frå gjennomførte undervisningsbesøk/skulevandring har vore tema i leiargruppa og på avdelingsmøte. Det er også blitt tatt opp i medarbeidarsamtalen og anna samhandling mellom leiar og lærar.

**3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?**

Erfaringar frå skuleåret 2015-2016 viser at det er blitt auka medvit om undervisningsstruktur, for eksempel kva som vert lagt i fagrom på It's Learning. Leiargruppa har meir innsikt i korleis lærarar tenker omkring undervisningsstruktur og lærer-elevrelasjon, og korleis det kan påverke læringsutbyttet. Lærarar verkar meir bevisste på kor viktig det er at planar er tilgjengelege, og skuleleiarane veit meir om kva som går føre seg i den enkelte lærar si undervisning.

**3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?**

Tiltaket vil bli vidareført komande skuleår, men form og omfang vil bli drøfta for å avklare eventuelle behov for endring eller tilpassing. Vi ser at somme treng tettare oppfølging og rettleiing

enn andre, så modellen bør i større grad tilpassast behov enn det han har gjort til no.

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### **4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Leiinga har gjennomført og evaluert resultatane frå Elevundersøkinga, medarbeidarundersøkinga og elev- og medarbeidersamtaler.

### **4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Lærarar og elevar er representerte i styringsgruppene/referansegruppene knytt til dei einssilde utviklingsområda. Elevrådet er blitt informert om relevante resultat og fått oppgåver for arbeid i klassane. Tema frå satsingsområda har vore handsama i leiarmøte, tverrfaglege grupper, fellesmøte med lærarane og i fagavdelingane.

### **4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

### **4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Elevane har vore representert saman med lærarane i dei tverrfaglege gruppene, i tillegg til at det har vore arbeid i elevrådet. Rektor har også hatt lunsj ein gong i halvåret med dei tillitsvalde på alle trinn. Her har tema i utviklingsplanen blitt tatt opp.

### **4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Til dømes elevundersøkinga viser at elevane og lærarane ikkje har same forståing av sentrale omgrep som undervgs-vurdering, framovermelding og eigenvurdering. Mange nyttilsettingar og permisjonar gjer at utviklingsarbeidet må halde fram. Skulen består i tillegg av ulike avdelingar med ulike behov, noko som gjer at felles mål kan vere vanskeleg.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### **5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Med ny rektor, avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag samt ny IB-koordinator vil leiinga i første



omgang diskutere skulen sin noverande tilstandsrapport. Vidare vil ei involvering av det pedagogiske personalet og elevane vere naturleg.